

## Notat

Dato: 06.04.2018  
Arkivsak: 2015/1434-608  
Saksbehandlar: johmeye

---

**Til:** Partssamansett utval

---

**Frå:** Fylkesrådmennene

---

### Notat - felles forståing av og gjennomføring av informasjons- og drøftingsmøte

#### Innleiing

Hovudavtalen del B gjev klare føringar på omfanget av medråderetten for tilsette i kommunal sektor. Formålsparagrafen stadfester at «*Evnen til åpen dialog og vilje fra begge parter vil i stor grad være avgjørende for om man lykkes*». Medråderetten og medinnverknad skal skje i organiserte former slik § 1 legg opp til.

#### Utøving av medråderett

Ved opprettinga av den nye fylkeskommunen er det allereie gjort vedtak (i sak Fellesnemnda PS 4/2017) der fylkesrådmannen (Prosjektleiari) har fått vide fullmakter til å organisere og utforme den nye organisasjonen:

*1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiari fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet, i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.2017.*

*3. Fylkesrådmennene/prosjektleiari får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen men med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.*

Intensjonsplanen for samanslåingsprosessen seier følgjande i pkt 6:

*Samanslåinga skal ikkje svekke rolla til arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå dei eksisterande fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen..*

Vidare er det i protokoll KS januar 2018 med organisasjonane avklåra at samhandlinga i samband med samanslåinga skjer med dei tillitsvalde på hovudsamanslutningsnivå.

Hovudavtalen set ikkje formelle formkrav til korleis denne samhandlinga mellom leiinga og dei tilsette skal gjennomførast.

Dette notatet er avgrensa til å skissere korleis fylkesrådmennene/ prosjektleiari vil organisere gjennomføringa av informasjons- og drøftingsmøter i sjølv prosjektperioden.

Eit eige delprosjekt vil gjennomgå dagens ordningar i dei to fylkeskommunane og vil gje prosjektleiar ei tilråding om organiseringa av samhandlinga etter 1. januar 2020.

I prosjektperioden vil det samstundes vere normal drift i dei to fylkeskommunane, der samhandlinga vil følgje dei gjeldande ordningane med det sentrale samarbeidsutvalet i Sogn og Fjordane og med månadlege informasjons- og drøftingsmøter saman med kvartalsvise HAMU møte i Hordaland. (Det er og andre drøftingsarenaer på lågare nivå i begge fylkeskommunane).

### **Medråderett i prosjektperioden**

Prosjektleiar/ fylkesrådmennene skal i saker som gjeld samanslåingsprosessen forholde seg til 4 tillitsvalde i Hordaland og 4 tillitsvalde i Sogn og Fjordane. Desse 8 hovudtillitsvalde representerer kvar si hovudsamanslutning i dei to fylkeskommunane.

Formelle informasjons- og drøftingsmøter vil bli arrangert med jamne mellomrom ordna som videokonferansar med 8 tillitsvalde til stades. Møtet vert leia av prosjektleiar og med aktuelle representantar frå prosjektadministrasjonen til stades med ansvar for saker som skal behandlast i møtet. Det vert oppnemnd særskilt referent som vil levere fyldig referat som (når det er godkjend) går vidare til informasjon for alle tilsette. Slike formelle møter kan unnataksvis også bli leia av andre i prosjektleiinga.